

Årsmelding 2019



*Ingen ting å seie på innsatsen i Leikepatruljen!
Elevar frå Vartdal og Hovdebygda skular i aksjon. (Foto June R. Johansen)*

Innhald:

- Side 1-11: Styret og administrasjonen sitt arbeid
- Side 12-21: Aktivitetsarbeid
- Side 21-28: Friluftsliv og folkehelse
- Side 29-32: Marin forsøpling og Skjergardstenesta
- Side 33-35: Kartlegging og verdsetting, drift/skjøtsel og tilretteleggingstiltak av friluftsområde
- Side 36-38: Økonomi – rekneskap
- Side 38-42: Oversikt over område og eigedelar
- Side 42-45: Vedtekter

Forord

2019 har vore eit innhaldsrikt, utfordrande og aktivt år for Sunnmøre friluftsråd. Det har vore både opp- og nedturar, men mest av det første. Særleg hyggeleg var det at friluftsrådet fekk Miljøprisen 2019 frå Ålesund kommune, og at Sykkylven og Vanylven vedtok å bli medlemmar frå 1.1.2020. No er det berre tre av kommunane på Sunnmøre som ikkje er med i friluftsrådet.

Rett før jul i 2018 fekk Sunnmøre friluftsråd den største gáva nokon gong frå Gjensidigestiftelsen: 2,5 millionar kroner fordelt over to år til Leikepatruljen. Dette var eit heilt nytt prosjekt i regi av friluftsrådet, der målet er å motivere til meir leik og aktivitet i friminutta på barneskulane i medlemskommunane – og så mange som vi greier å nå i tillegg.

Prosjektet fekk ein vanskeleg start, fordi prosjektleiaren vart alvorleg sjuk etter berre nokre få dagar på jobb. Men vi var heldige og fekk leige inn Inger Bakke som vikar. Ho har gått inn i prosjektet med stort engasjement og blitt svært godt tatt imot. 70 skular, ca. 2 600 elevar og 200 lærarar har fått kurs i Leikepatruljen i 2019. Alle skulane har også fått utstyrspakkar. Prosjektet blir vidareført i 2020, og friluftsrådet vil søkje midlar til å drive prosjektet vidare i åra som kjem også etter det.

2019 var det første heile driftsåret til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Tenestebåten «Rigmor» er stasjonert i Ålesund, men skal ha kysten også i medlemskommunane til Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) som arbeidsområde. Førebels har ikkje det arbeidet kome så langt som vi ønska. FNR manglar erfaring med drift og skjøtsel av friluftslivsområde, og må etablere samarbeid om forvaltningsplanar med medlemskommunane sine. Dette blir det jobba med, og målet er faste driftsdagar i nordre delar av fylket i 2020.

Arbeidet med marin forsøpling vart for alvor eit viktig arbeidsområde for friluftsrådet i 2017. Dette er sidan vidareført, i 2019 med 2 mill. i tilskot frå Miljødirektoratet. Til saman var friluftsrådet og Skjergardstenesta med på rydding og henting av ca. 35 tonn marint søppel frå fjørene i medlemskommunane i løpet av året.

Driftsavdelinga og Skjergardstenesta har hatt nok å gjere heile året, trass i at vi fekk mindre løyvingar til nye tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivsområde i 2019 enn det som har vore vanleg. Mykje arbeidstid har derfor i staden blitt brukt til drifts- og vedlikehaldsoppgåver som vi elles sjeldan kan prioritere.

Aktivitetsarbeidet har gått som planlagt. M.a. har vi gjennomført fire friluftsskular, padlefestival, fleire opne familiearrangement, ulike kurs, gitt ut to Naturlosaviser og laga nye turkort. Stikk UT! held fram å vekse og set nye rekordar kvart år. I 2019 var ca. 11% av befolkninga i fylket aktive brukarar. I

2018/2019 gjennomførte vi også vintertilbudet Stikk UT Ski for første gong og Stikk UT! maraton i Friluftslivets veke.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd i 2019 det 5. største av dei 28 friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.

Vebjørn Krogsæter – Haram
Styreleiar

Trygve Holm - Sula
Styremedlem

Janet Roelofs - Ørskog
Nestleiar

Birger Honningsvåg - Giske
Styremedlem

Jarle Hauge Steffensen - Ålesund
Styremedlem

Modolf Hareide - Skodje
Styremedlem

Eva Hove - Stordal
Styremedlem

Solveig Linge Stakkestad - Norddal
Styremedlem

Skafti Helgason - Vestnes
Styremedlem

Jostein Dalen - Stranda
Styremedlem

Knut Erik Engh – Ulstein
Styremedlem

Karen Høydal – Ørsta
Styremedlem

Tollak Mikal Kaldheim – Volda
Styremedlem

Styret i 2019

Kommune	1.1.- 20.3.2019	Verv	20.3.-31.12.2019	Verv
Haram	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem
Giske	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem
Norddal	Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem Varamedlem	Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem Varamedlem
Skodje	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Styremedlem Varamedlem	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Styremedlem Varamedlem
Stordal	Eva Hove Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem	Eva Hove Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem
Sula	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem

Vestnes	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem
Ørskog	Janet Roelofs Hallgeir Bjørdal	Nestleiar Varamedlem	Janet Roelofs Knut Helge Harstad	Nestleiar Varamedlem
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Yngvil Braute	Styremedlem Varamedlem	Jarle Hauge Steffenssen Nora Gunn Morken Farstad	Styremedlem Varamedlem
Stranda	Jostein Dalen Karl Martin Axel Bostrøm	Styremedlem Varamedlem	Jostein Dalen Gro Anita Sve	Styremedlem Varamedlem
Volda	Tollak Mikal Kaldheim Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Varamedlem	Tollak Mikal Kaldheim Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Varamedlem
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Varamedlem	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Varamedlem
Ulstein	Knut Erik Engh Steinar Torvik	Styremedlem Varamedlem	Knut Erik Engh Steinar Torvik	Styremedlem Varamedlem



Alle styremedlemmane som stod på val i 2019 tok attval. Her er 11 av dei på årsmøtet i Stranda 20. mars 2019. Frå venstre: Janet Roelofs (Ørskog), Jarle Hauge Steffenssen (Ålesund), Karen Høydal (Ørsta), Modolf Hareide (Skodje), Trygve Holm (Sula), Jostein Dalen (Stranda), Birger Honningsvåg (Giske), Skafti Helgason (Vestnes), Solveig Linge Stakkestad (Norddal), Eva Hove (Stordal) og Vebjørn Krogsæter (Haram). Tollak Mikal Kaldheim (Volda) og Knut Erik Engh (Ulstein) var ikkje til stades då bildet vart tatt.

Arbeidsutvalet i 2019 har bestått av Vebjørn Krogsæter, Janet Roelofs og Jarle Hauge Steffensen. Dei har m.a. gjennomført lønnsforhandlingar med dei tilsette.

Styret – handsaming av saker i 2019

Styret har hatt 4 styremøte gjennom året (møtet i april vart avlyst og desembermøtet flytta til 15. januar 2020. I alt har styret handsama 34 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett og revisjon av budsjett, årsmelding og arbeidsplan.
- Medlemskontingent for 2019 (vedtatt av årsmøtet).
- Informasjon og oppmodingar til medlemskommunane om å arbeide med forvaltningsplanar for dei statleg sikra friluftsområda, og sikring av endå fleire.
- Tilsetting av Ann Helen Hellevik i fast 100% stilling. (Tidlegare midlertidig 50% stilling.)
- Auka driftstilskot til Skjergardstenesta.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om aktuelle saker og spørsmål friluftsrådet har arbeidd med gjennom året. I tillegg har fleire i styret deltatt på møter og konferansar som representantar for friluftsrådet i 2019.

Årsmøtet 2019



Styreleiar Vebjørn Krogsæter leia årsmøtet.

Årsmøtet vart halde på Stranda hotell i Stranda kommune onsdag 20. mars 2019, med 25 røysteføre delegatar. I tillegg var Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS representert ved oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård.



God stemning med bålkaffi og sjokolade i vakre Helsemrika sør for Stranda sentrum før sjølve årsmøtet starta.



Ingen av styremedlemmane gjekk ut av styret på dette årsmøtet, alle som stod på val hadde takka ja til ein ny 2-års periode. (Sula, Ålesund, Haram, Vestnes og Stranda). Også arbeidsutvalet i styret tok attval.

Ny valnemnd skal formelt innstillast av styret. For å sikre kontinuitet, vedtok årsmøtet 2018 at det skal leggst opp til ein praksis med 3-årig løp. Sittande valnemnd la til rette for årsmøtet ved å legge fram ei innstilling i samsvar med dette, der kandidatane hadde sagt seg villige. Innstillinga vart samrøystes vedtatt:

Leiar: Per Ivar Lied (2 år, på val årsmøtet 2021)

Medlem: Aud Sissel Suoranta (1 år, på val årsmøtet 2020)

Medlem: Mariann Barstad (3 år, på val årsmøtet til 2022)

Vara: Tore Johan Øvstebø (1 år, på val årsmøtet 2020)

Det var ingen saker utanom dei vanlege årsmøtesakene, som alle vart samrøystes vedtekne.

Før sjølve årsmøtet var delegatane med på tur til Helsemvika, eit statleg sikra friluftslivsområde ved fjorden eit stykke sør for Stranda sentrum. Der sørja styremedlem Jostein Dalen for fyr i bålpannene og servering av bålkaffi og sjokolade. Ei ny velforeining for området var under etablering, og fire av dei engasjerte der orienterte saman med Dalen om arbeidet som alt er gjort i området, og planane vidare. Mellom anna at friluftsrådet hadde søkt midlar til grindbygg der i 2019.



Tilbake på hotellet, ønska ordførar Jan Ove Tryggestad velkomen, og orienterte om Stranda kommune før sjølve årsmøtet starta.

Venneforeininga har mange planar for utviklinga av Helsemvika.



Helsemvika er eit flott friluftsområde, uansett vêr!



Godt med brennsnut etter ein tur i friluft!



Straks klart for møtestart.

Tilsette og engasjerte



Nesten heile staben samla. Bak frå venstre: Pål Henry Høyberg, Ann Helen Hellevik og Torgeir Sund. Framme frå venstre: May Britt Haukås, Malin Ytterhaug Giske og Christer Lundberg Nes.

I 2019 har Sunnmøre friluftsråd hatt 7 tilsette: Malin Y. Giske, Christer Lundberg Nes, Pål Henry Høyberg, Torgeir Sund, Ann Helen Hellevik, May Britt Haukås og Inger Bakke.



Inger Bakke er engasjert som prosjektleiar for Leikepatruljen og Friluftsliv for innvandrarar.

Ann Helen Hellevik vart midlertidig engasjert i 50 % stilling i 2018 til prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Frå nyttår 2019 fekk ho full stilling då ho også tok over marin forsøpling. I tillegg arbeider ho med det nye prosjektstyringssystemet, budsjett, rekneskap og timelister. Frå 1. juni fekk ho fast 100% stilling og ansvar som erstattar for dagleg leiar ved behov.

Inger Bakke tok over prosjektet Leikepatruljen på kort varsel då den opphavslege prosjektleiararen vart alvorleg sjuk. Ho leiar også prosjektet Friluftsliv for innvandrarar. Bakke er midlertidig tilsett for 2 år i 60% stilling.

Gjennom året har ca. 15 personar vore innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement.

Møte, representasjonsoppgåver mm.

Gjennom heile året er friluftsrådet med på ei rad møter, kurs, konferansar, synfaringar mm. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt. Fleire av styremedlemmane har vore med på nokre av dei viktigaste konferansane, som Landskonferansen i friluftsliv. Dette er ein årleg møteplass for fagleg oppdatering, kunnskapsdeling og nettverksbygging for alle som arbeider med friluftsliv i landet, både tilsette i kommunar, fylke, stat, friluftsråd og ulike organisasjonar.



I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet. I 2019 har vi mellom anna vore hos Brattvåg Rotary, Tomrefjellet Hytteforening, Vestnes Rotary, Ålesund Rotary Øst, årsmøtet til Sunnmøre fiskarlag og fleire andre.

Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). I tillegg er vi med i God Helse-samarbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Styreleiar er også nestleiar i styret til Friluftsrådernes Landsforbund.

I tillegg til fagleg påfyll, byr den årlege Landskonferansen i friluftsliv på interessante synfaringar. Årets konferanse var i Trondheim og inkluderte m.a. gaida besøk og orgelkonsert i Nidarosdomen. Frå styret i Sunnmøre friluftsråd deltok Eva Hove (t.v.), Vebjørn Krogsæter og Janet Roelofs (t.h.).



Munkholmen, rett utanfor Trondheim sentrum, er eit svært populært og mykje brukt friluftslivsområde. Holmen har ei dramatisk og turbulent historie på både godt og vondt, som går heilt tilbake til vikingtida.



Medieomtale

Aktivitetsdag på Årneset:

Lærer borna å bli glade i naturen



Denne veka har Sunnmøre friluftsråd invitert inn til aktivitetsdag på ein ny stad kvar dag. Onsdag møtte 60 born fram på Årneset i Volda for å lære å knyte tau, spikke, lage bål og vere ute i naturen.

– Dette er eit lågterskeltilbod for alle born, som vi arrangerer i håp om at fleire skal få lyst til å vere ute. Vi ynskjer å vise både born og vaksne at det er kjekt og enkelt å vere ute i naturen, og vi håpar å inspirere dei til å utnytte dei flotte friluftsområda her i Volda, fortel Ingrid Rui, leiar for KomUT! i Sunnmøre friluftsråd.

KomUT! vert arrangert i fem ulike kommunar på Sunnmøre, deriblant i Volda og Ørsta. Skulefritidsordninga i dei einsskildre kommunane har blitt invitert med på aktivitetsdagen, men elles er dagen open for alle. Rui fortel at fleire barnefamiljar har kome innom for å vere med på nokre av dei ulike aktivitetane.

Det er andre gongen KomUT!-dagen vert arrangert i Volda, og det har alt rukke å bli eit populært tilbod blant skuleborna. Vel 60 born frå SFO ved Øyra og Bratberg skular møtte fram.

Her har dei fått leika fritt i sanden og på dei ulike leikeapparatane.

Møre 12.10 - 19

Aktiv haustferie

SIDE 22 OG 23



Omtale av Kom UT i haustferien i Møre.


Det er viktig for friluftsrådet å vere synleg i media, både i radio og TV, trykte- og sosiale media. Slik når vi ut til mange og får informert om arbeidet vårt og kva vi kan tilby innbyggjarane i medlemskommunane.

Både dagleg leiar og andre av dei tilsette har vore med i radiosendingar, TV-innslag, intervju i aviser og magasin i løpet av året. Særleg Stikk UT! og arbeidet med marin forsøpling får mykje merksemd, men også Skjergardstenesta, driftsarbeidet, friluftsskulane og andre friluftslivsarrangement.

Dagleg leiar har også hatt fleire lesarinnlegg i avisene om aktuelle saker det er naturleg at friluftsrådet har ei meining om.

Vi samlar på små og store avisutklipp. Etter kvart har det blitt tjukke permar, som også fungerer som dagbok og huskeliste over mykje av det vi har jobba med. I tillegg er vi aktive på Facebook, der vi no har over 4500 følgjarar.

Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff, og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.



Aktivitetsarbeid



Vêret kunne ha vore betre, men regn og skodde hindra ikkje deltakarane på Padlefestival UNG i Eiksund i august.

Aktivitetsarbeid retta mot skular, barnehagar, barn og unge har vore ei viktig oppgåve for friluftsrådet heilt sidan starten av 1990-talet, og vi har i dag eit omfattande tilbod. I tillegg låner friluftsrådet ut kajakkar og anna utstyr til lag og foreiningar som arrangerer aktivitetstilbod til barn og unge på fritida.

Læring i friluft

«Læring i friluft» handlar om å stimulere til meir og betre læring og uteaktivitet i skular og barnehagar. Tanken er at når lærarar sjølve lærer korleis dei kan ta i bruk naturen som klasserom/uteleikeområde, så blir det lettare for dei å gjennomføre slike opplegg med klassane/barnehagebarna.

Gratis utlån av utstyr frå utstyrsbasen til friluftsrådet er også ein del av «Læring i friluft». Meir funksjonelle og tiltalende nettsider har gjort det enklare å informere om utlånet og lettare å administrere. Tilbodet har siste åra blitt endå betre kjent blant skular, barnehagar, lag og organisasjonar i medlemskommunane. Med midlar frå Gjensidigestiftelsen har vi no tre hengarar med komplette klassesett kajakkar, to for barn og ein for ungdom/vaksne. Men også anna utstyr som



lavvoar, kokeutstyr for matlaging på bål, truger, snøformingssett mm. er populære. I 2019 hadde vi 57 utlån over 120 dagar med til saman 2846 deltakarar.

Undervisningsopplegget for kajakk utvikla i Natursekken er fast i læreplanen for heile klassesteg ved to skular.

Arbeidet med «Læring i friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådernes Landsforbund. I 2019 vart det gjennomført 19 utedagar/kurs med ca. 350 deltakarar.



Lurt med litt tørrtrening innandørs for å bli kjent med kajakken og resten av utstyret, før barna får prøve seg på vatnet for alvor. Her frå elev- og lærar-rettleiing ved Spjelkavik barneskole.

Leikepatruljen



Gamle leikar fungerer like godt for dagens barn som for tidlegare generasjonar – dyrt utstyr er ikkje nødvendig for å ha det moro i lag.

Rett før jul i 2018 fekk friluftsrådet vite at vi var innvilga den største summen Gjensidigestiftelsen nokon gong har løyvd til eit enkelt prosjekt i vår region: 2,5 millionar kroner. Midlane blir fordelte over to år og går til prosjektet Leikepatruljen. Stig Jakob Johansen har henta dette prosjektet frå Danmark og tilpassa det til norske forhold. Sunnmøre friluftsråd har fått eigarskapen til Leikepatruljen, og Johansen vart tilsett som

prosjektleiar. Dessverre vart han alvorleg sjuk rett over nyttår og friluftsrådet måtte finne ein vikar.

Skodespelar Inger Bakke, som året før var leigd inn som ansvarleg for innvandrarsprosjektet, takka heldigvis ja til utfordringa om å ta over.

Leikepatruljen handlar om aktiv leik i den lengste «timen» i skulekvardagen: Friminutta. Erfaringa er at den fysiske aktiviteten, trivselen og miljøet generelt på skulane aukar, og at mobbing blir redusert. I 2019 er det gjennomført kurs for 70 skular, med ca. 2500 elevar og 200 lærarar. Prosjektet held fram i 2020, og friluftsrådet vil søkje midlar også for åra som kjem.



Leikepatruljen handlar om leik, moro og aktivitet i friluft i friminutta på skulen – betre fysikk, motorikk, balanse, samhald og godt humør får ein på kjøpet.





Ein blir smart av å leike! Leikepatruljen er gjennom året tilpassa grunnverdiane i friluftsrådet gjennom ein omfattande og fagleg fundamentert prosess. Leiken er det viktigaste, ikkje dyrt utstyr.



Heile uteområdet til skulen kan brukast som leikeområde. Og til fleire som er med, til kjekkare er det.



Alt kan brukast til leik! Utforsking, samarbeid og kreativitet er kjernen i Leikepatruljen.



Leik handlar om mykje meir enn utstyr. Eigen kropp, motorikk, balanse, samarbeid, å ta ansvar for og hjelpe kvarandre, er viktige element i Leikepatruljen. Då kjem den fysiske aktiviteten av

seg sjølv. Kursa blir i hovudsak gjennomførte utandørs, så sant vêret spelar noko lunde på lag.

Aktivitetstiltak for barn og unge



Friluftsrådet har som mål å gi barn og unge tilbud om aktivitet på fritida, der dei får prøve ut ulike friluftaktivitetar og bli betre kjent med kva dei kan finne på i eige nærmiljø.

Mellom tiltaka vi arrangerte i



2019 var fire friluftsskular for barn i alderen 10-13 år i sommarferien. Ein i Murvika i Skodje med overnattingstur til Mevatnet, ein på Stafsethneset i Ålesund med overnattingstur til Svinøya, ein på Stranda med overnatting på Ytste Skotet, og ein ved Osnessanden i Ulstein med overnattingstur til

Borgarøya. Kvar friluftsskule varer i fem heile dagar, pluss overnattingsturen. Innhaldet blir tilpassa

lokal eigenart og ressursar, men nokre tema er obligatoriske: Bål, kart/kompass og allemannsretten. I alt 72 barn var med på friluftsskulane i 2019.

I år inviterte vi også alle leiarane til ein felles kursdag før friluftsskulane starta. Alle gjennomførte utandørs livredningsprøve og farevurdering ved vatn. I tillegg vart det tid til erfaringsdeling om leikar og andre opplegg for barna.



Kom UT og Turkorturar




I haustferien inviterte vi til Kom UT: Eit gratis tilbod til barn og unge om friluftslivsaktivitetar i ein heil dag i eit friluftsområde. Vi var ein dag kvar i Ålesund (Stafsethneset), Giske (Maiaskogen), Volda (Årneset), Ørsta (ved Ørstahallen) og Vestnes (Kråkvika). Desse arrangementa er opne for alle og utan påmelding, dei som vil kan berre møte opp og bli så lenge dei vil. Dette har vist seg å vere svært populært, og eit godt alternativ til innandørs skjermbruk i ferien. Heile 322 personar med smått og

stort kom og var med, dei fleste heile dagen. Særleg for dei yngste barna, var det også fleire foreldre som var med og deltok heile dagen.



Også turkortturane vi inviterte til i november vart i hovudsak ein suksess. Vi la opp ein ambisiøs plan, med eit familiearrangement på kveldstid i kvar av dei 13 medlemskommunane, alle til ein tur vi har laga turkort for.



Ingen sure miner om det er regn og sludd! Foto Helen S. Hoff.



Barlihuken i Ulsteinvik eignar seg svært godt til slike familiearrangement. Denne kvelden var det både regn og sludd, men barn og voksne kosa seg med varm drikke, lytta til historier og musikk frå neverlur, deltok i rebusløp og tok kveldsmaten ved bålet.

Oppmøtet varierte veldig, frå ca. 40 til ingen. Arrangementet på Elvastien i Ørskog måtte avlysast i siste liten pga. is som gjorde det uråd å ta seg fram på stien. November er ein risikabel månad for slike arrangement, men vi ønska å teste det ut i ei tid på året då det ofte blir mykje innesitting.



Kjekt med tur med tur i novembermørket. Foto Helen S. Hoff.

Til saman var det om lag 200 personar som deltok. Vi har hausta mange viktige erfaringar vi tek med oss vidare. M.a. at å starte arrangementet kl. 18 er litt for seint for dei yngste barna. Men alt i alt er dette ein type arrangement vi gjerne vil gjere meir av.



Arbeidet er støtta økonomisk via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Padlefestival UNG



Nokre av deltakarane på Paddlefestival UNG i Eiksund i august.

Kajak er eit satsingsområde i aktivitetsarbeidet til friluftsrådet. I august arrangerte vi paddlefestival for ungdom over tre dagar i Eiksund i Ulstein kommune. Dette var eit samarbeid med Herøy kajakklubb, Ung Arena Ulstein, BUA Ulstein og padlemiljøet ved idrettslaget på Flø.


Første dagen var ein open dag der dei som var interesserte kunne møte opp. At heile 18 ungdommar kom, trass i at det var ein kald og regnfull dag, seier litt om den store interessa!

Dei to neste dagane gjennomførte vi grunnkurs UNG med fullteikna kurs, der deltakarane kvalifiserte seg for å få våttkort, første steget i sertifiseringa til Paddleforbundet. Festivalen vart ein flott møteplass mellom ungdom og erfarne padlarar, som vi håper inspirerer til å halde fram med denne aktiviteten. I alt 32 ungdommar deltok på paddlefestivalen.




Dei unge fekk lære av erfarne padlarar.

Friluftsliv og folkehelse




Kartet på nettsida hadde nesten 7500 visningar i 2019.



Framsida på turkorthftet.

Gjennom fleire år har friluftsrådet kvart år laga turkort med kart, bilde og detaljert informasjon om utvalde turar i medlemskommunane. Bakgrunnen er behovet mange har for å finne relativt enkle turar dei alle fleste kan klare. Fleire av turane er også tilgjengelege med rullestol eller andre hjelpemiddel.



Døme på litt av informasjonen ein finn i turkorta, her frå Elvadalen i Volda.

Dei første åra vart turkorta trykte opp enkeltvis og plasserte ut i stativ i medlemskommunane. Tanken var at folk kunne ta med seg dei korta dei var interesserte i. Seinare samla vi dei i permar, som vart lagt ut på sørviskontora, bibliotek, venterom, sjukehus, institusjonar osv. Så fylte vi på permene med nye kort kvart år.

No er permene fulle, og tida var inne til å tenkje nytt. I 2019 har vi samarbeidd med fylkeskommunen om å få turkorta inn i turportalen Morotur. I tillegg har vi omarbeidd alle til eit nytt format og trykt opp hefte som alle medlemskommunane har fått eksemplar av, til distribusjon på strategiske stader. Dei kan også

kjøpast gjennom nettbutikken til friluftsrådet. Alle turkorta ligg sjølvstilt til nedlasting på nettsida til friluftsrådet og kan skrivast ut gratis av alle som ønskjer det.



Naturmøteplassen ved Dam 2 på Aksla i Ålesund har vore i drift i fleire år. Frivilligsentralen koordinerer, og fleire organisasjonar deler på vertskapsansvaret. Mellom dei er Sydvesten, som ofte kjem på Naturmøteplassen også når andre er vertar.



Ventar på nysteikte lappar.....

Naturmøteplassen er eit prosjekt vi tok initiativ til i 2016. I 2019 var tre i sving heile året: Kråkvika i Vestnes, Aksla i Ålesund og Bugardsmyrane i Ulstein. Dette eit samarbeid med tilsette i kommunen og frivillige. Målet er at Naturmøteplassane skal vere faste møteplassar i friluft gjennom året for folk som har ledig tid på dagtid. Friluftsrådet ønskjer å få etablert Naturmøteplassar i fleire av medlemskommunane.



Hyggeleg overrasking å få servert vaflar og drikke på turen.



Alle får som oppfører seg pent!



Vaffelpressa...



Plakaten viser veg kvar torsdag kl. 12-14.



Serveringa varierer, her er det toast på menyen.

Turkort, turkorturar og Naturmøteplassen er finansierte av midlar til prosjektet Friluftsliv og folkehelse via Friluftsrådernes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Naturlos

 Sunnmøre friluftsråd



NATURLOS
august - november 2019

Med NATURLOS bidreg Sunnmøre friluftsråd til marknadsføring av gratis natur- og kulturvandringar i medlemskommunane våre. I hovudsak er det lokale lag og organisasjonar som er arrangørar.

Sjekk Facebook-sida vår og helmesida www.friluftsradet.no, der vi informerer om turar og anna vi ikkje får med i avisene.

Vi gir ut to Naturlosaviser kvart år, i mai og august.
Meld inn turar og arrangement i 2020 via skjema på www.friluftsradet.no/naturlos

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette turar og arrangement i regi av lag og organisasjonar, som får hjelp til marknadsføringa gjennom gratis omtale i Naturlos.

I 2019 marknadsførte friluftsrådet 160 natur- og kulturvandringar i medlemskommunane gjennom to Naturlosaviser. Dei kjem som innstikk i Nytt i Uka (vår og haust), og som lause aviser leverte i postkassene i dei medlemskommunane avisa ikkje dekkjer.

Dei to siste åra har avisene fått åtte sider kvar, ny layout og større bilde. Det har gjort dei luftigare, meir oversiktlege og innbydande enn før. Avisene ligg også til nedlasting på nettsidene til

friluftsrådet og på Facebook. Enkeltturane vart annonserte etter kvart under logoen Naturlos på Facebook. Turane som gjekk til Stikk UT!-mål var merka med Stikk UT!-pila i avisene, og det førte til ekstra mange deltakarar på desse.

Gjennom Naturlos gir vi eit godt bilde av aktiviteten i regionen, ca. 3200 deltakarar var med på dei ulike turane og arrangementa. I tillegg kjem andre arrangement som fekk omtale på nettsida vår og Facebook, som t.d. Naturmøteplassane.

Naturlos er finansiert med midlar via Friluftsrådernes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Stikk UT!



Stikk UT! fører til mange hyggelege møte og triveleg prat med folk ein ikkje kjenner frå før. Her frå 4H-hytta på Ellingsøya i Ålesund.

Stikk UT! har blitt ei folkerørsløse og det viktigaste folkehelseiltaket i Møre og Romsdal. Turkassetrimmen når alle aldrar og samfunnslag, heile 11% av befolkninga registrerte turar i 2019. Talet på deltakarar og registrerte turar aukar kvart år. Inkludert Stikk UT! Ski, hadde Sunnmøre 209 turmål dette året. 12 026 personar registrerte 204 493 turar. Totalt for heile fylket er tala 491 turmål,



Stikk UT! Ski hadde 26 turmål i 2019.

29 445 deltakarar og 506 224 registrerte turar. Mange brukar også Stikk UT! utan å registrere turane. Av signaturane i turbøkene ser vi at talet på turgåarar minst er fire gongar høgare enn talet på registreringar.



Stikk UT! Maraton vart ein suksess i Friluftslivets veke i september.



Viktig å tenkje framover når skilta blir hengt opp...

Eiga nettside for Stikk UT! saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal er ein suksess. Det er lettare for brukarane å finne informasjonen dei ønskjer enn tidlegare, då dei måtte gå via heimesidene til friluftsråda.

Begge friluftsråda trykkjer også kartet til den andre regionen i kartbrosjyren. Erfaringa er at mange går turar i heile fylket. Slik bidreg Stikk UT! også til at fleire blir betre kjent i eige fylke. Samarbeidet og integreringa med fylkets turdatabase og mobilapp, Morotur, fungerer også svært godt.

Stikk UT! Bedrift held fram med å vekse, 70 arbeidsplassar på Sunnmøre var med i 2019. Dette bidreg til finansieringa, noko som vart svært viktig i 2019 fordi vi fekk avslag på søknaden om midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Ei ekstraløyving frå Friluftsrådernes Landsforbund berga oss frå å gå på ein økonomisk smell i dette prosjektet i 2019.

Stikk UT! er i ein eigen liga når det gjeld turkassetrim i regi av friluftsråda i landet, ingen andre er i nærleiken av dei tala Stikk UT! har.



Kartbrosjyren er svært etterspurt, og det vart krise då posten ved ein feil ikkje leverte den ut i postkassene i eit område i Sula kommune. Løysinga vart god hjelp frå blide ambassadørar på nærbutikken, som stilte ut karta i kassene der kundane kunne hente seg eit eksemplar.



På Stikk UT!-tur med pappa til Kalvedalen i Ørsta. Foto: Hans Petter Farstad.

Innvandrarprosjektet



Meistringsglede på Sukkertoppen i Ålesund i kuling og regn.

Friluftsråda har hausta gode og nyttige erfaringar i arbeidet med å introdusere norsk friluftsliv til folk som er nye i landet, dei to siste åra i samarbeid med Voksenopplæringa i Ålesund. Vi har etablert ein tradisjon med å invitere til 17. mai-oppvarming på Volsdalsberga den 16. mai, og det vart også starten på prosjektet i år. Der deltok også Røde Kors og Frivilligsentralen saman med oss, i alt rundt



På besøk hos friluftsbarnhagen på Fjelltun – til stor glede for både dei besøkande og barna.

70 personar deltok med liv og lyst i aktivitetar som potetløp, stylter, tautrekking, diskolf og mykje anna. Det vart servert fiskekaker steikt på bålpanne, kaffi, te og marshmallows, som, trass i Ramadan, gjekk unna som varmt kveitebrød.

Gjennom året er det gjennomført sju arrangement, som inkluderer turdag med matlaging på Tueneset i Ålesund, besøk i friluftslivsbarnhage, fjellturar og juleavslutning med innsamling av materiale og lagning av julekransar, baking av julekaker og servering av dynegraut.

Naturen er ein fantastisk arena for språkopplæring! Det har prosjektleiar Inger Bakke brukt målmedvite og aktivt, og deltakarane har lært namn på ting, ord og uttrykk dei neppe ville fått i klasserommet. Det er også lettare å huske det ein kan ta på, lukte og smake, enn om orda berre er skrivne.

Det har også vore viktig å legge turane og arrangementa til stader deltakarane sjølve lett kan oppsøkje seinare, og fleire fortel at både Tueneset og Aksla i Ålesund no er mykje brukte både til turar og til samlingar med matlaging saman med vener og familie.

Det har likevel vore ei utfordring dette året at ikkje alle møter opp når dei skal, eller ikkje kjem i det heile tatt. Det er uvisst om dette handlar om kultur, personkjemi i gruppa, at dei ikkje ser på arrangementa som del av undervisninga eller at tilbodet er for dårleg kommunisert. Dette vil vi ta tak i saman med skulen om vi får midlar til å vidareføre prosjektet i 2020. Då vil vi innføre eit kursbevis for å motivere alle til å delta.



*Sør, nord, aust, vest – og kva heiter fjella og øyane vi ser?
Naturen er ein god arena som klasserom.*



Leik og moro i friluft er kjekt uansett alder!

Dei som har vore med, uttrykkjer ei rørende glede og takksemnd over turane og friluftslivsarrangementa vi tilbyr. I alt har 122 personar deltatt. Frå friluftsrådet har både Malin Y. Giske, June R. Johansen og Ann Helen Hellevik bidratt som medhjelparar til prosjektleiar Inger Bakke, i tillegg til lærarar frå Ålesund Voksenopplæring. Prosjektet er støtta økonomisk av Friluftsrådenes Landsforbund.

Marin forsøpling



På litt avstand ser det fint og reint ut. Men det går fort å fylle sekk på sekk med marint søppel.

Sidan 2017, då Sunnmøre friluftsråd første gongen fekk midlar frå Miljødirektoratet til rydding av eigarlaus marint avfall, har vi bygd opp ein heilårleg og profesjonell organisasjon for å arbeide med dette fagfeltet. Vi har hausta mange erfaringar, auka kompetansen og bygd eit sterkt nettverk saman med frivillige og andre viktige samarbeidspartnarar: «Nettverk marin forsøpling Sunnmøre». Nettverket er svært aktivt og har i dag 100 frivillige, næringsaktørar og fagpersonar som medlemmar. Mellom dei er Runde Miljøsentra, Plastpiratane på Lepsøya, Plastfritt Hav i Giske og representantar frå avfallselskap i regionen. Det er mykje kunnskap blant medlemmane, som raust blir delt og diskutert både på felles seminar og i Facebook-gruppa som er oppretta.

I arbeidet med marin forsøpling samarbeider friluftsrådet også med Skjergardstenesta i Møre og Romsdal, Senter for oljevern og marint miljø (SOMM), Hold Norge Rent, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Statens Naturoppsyn, Vestlandsrådet, avfallsselskapa i regionen, tilsette i medlemskommunane, skular, idrettslag og frivillige organisasjonar, Friluftsrådene Landsforbund m.fl. I tillegg er vi inviterte med



På ryddetokt med elevar frå Ulstein ungdomsskule.

som partnerar i søknader om midlar til ulike forskings- og oppryddingsprosjekt, som rydding av havbotnene utanfor Godøya, utvikling av datakartleggingsverktøy, ryddeportal mm.



God stemning om bord og veldig hyggeleg at ordføraren var interessert i ryddeaksjonen i Ulstein.

ved Vartdal Plast AS og Møre og Romsdal Fiskarlag er mellom dei.

Gjennom 31 ryddeaksjonar er det i løpet av året samla inn ca. 35 tonn søppel, i tillegg til at friluftsrådet og Skjergardstenesta har hjulpet frivillige med sekkar og hanskar, og henta innsamla søppel. Prosjektleiaren Ann Helen Hellevik har også deltatt i arrangementa av tre nettverkseminar, ei rad møter i ulike fora, avis, radio- og TV-intervju.



Ann Helen Hellevik (t.v.) og Malin Y. Giske om bord i «Rigmor», på veg til Erkna for å kartlegge omfanget av marin forsøpling på fyrholmen, før den store ryddeaksjonen som vart gjennomført saman med Senter for oljevern og marint miljø, Plastpiratane, Plastfritt Hav og mange frivillige. Der var rikeleg å ta av, både på Erkna og Gjøsunndholmen.

I 2019 fekk Sunnmøre friluftsråd 2 millionar kroner frå Miljødirektoratet til arbeidet med marin forsøpling og 150 000 kroner frå Handelens Miljøfond til kjøp av ny båt, ein Pioner Multi. Den skal brukast åleine til mindre ryddejobbar og saman med tenestebåten til Skjergardstenesta der «Rigmor» ikkje kan gå heilt inn i fjøresteinane. Den nye båten er stor og stødig nok til å kunne slepast av «Rigmor».

I tillegg til å arrangere ryddeaksjonar og hjelpe frivillige med henting av innsamla avfall, har det vore viktig å etablere kontakt med næringar som bidreg til lokal marin forsøpling. EPS-foreininga



Kystleia

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar som er til utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr. 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr. 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til 6 personar. Dei som vil leige robåtane må ta kontakt med museet.




«Linge» til venstre og «Leia» til høgre.

Skjergårdstenesta i Møre og Romsdal



«Rigmor» og skipper Torgeir Sund har hatt eit aktivt år, både med drift og skjøtsel av offentleg eigde friluftslivsområde, og med fjerning av marint søppel og båtvrak.



Rundt om i fjøresteinane ligg det eit rikt utval utrangerte fritidsbåtar. Skjergardstenesta har i 2019 fjerna mange av dei.

2019 var første heile driftsåret for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Tenesta er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Sunnmøre friluftsråd står for drifta.

Hovudoppgåva til tenesta er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivområde i medlemskommunane. Men tenesta er også ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling.

I 2019 vart nesten ingen av søknadane om midlar til nye tilretteleggingstiltak i dei sjøbaserte friluftslivsområda innvilga. Tenesta har derfor brukt mesteparten av året til drifts- og vedlikehaldsoppgåver i friluftslivsområde Sunnmøre friluftsråd har ansvar i, og ulike oppdrag for marin forsøplings-prosjektet til Sunnmøre friluftsråd.

Tenesta skal operere i heile fylket, men har dessverre i liten grad fått oppdrag i Nordmøre og Romsdal i 2019. Det er det ønskeleg å betre på i åra som kjem, etter kvart som Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal får erfaring med driftsarbeid og behov for tenesta i arbeidet med marin forsøpling.



Beitedyr kjem i ulike utgåver og gjer ein viktig innsats i kampen mot attgroing. Skjergardstenesta hjelper til med transport når kapasiteten tillét det.



Miljøprisen 2019 frå Ålesund kommune




Frå venstre: Ann Helen Hellevik, Malin Y. Giske, Pål Henry Høyberg, May Britt Haukås og varaordførar Tore Johan Øvstebø. Christer Lundberg Nes, Torgeir Sund og Inger Bakke hadde dessverre ikkje høve til å delta på utdelinga i bystyret. Foto: Peder Otto Dybvik.

Eit høgdepunkt i 2019 var at Ålesund kommune valte å gi årets miljøpris til Sunnmøre friluftsråd. Bakgrunnen for tildelinga er arbeidet vårt med skjøtsel, drift og tilrettelegging av friluftslivsområde i kommunen, og etableringa av Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Prisen blei delt ut på det siste bystyremøtet i kommunen før jul, av varaordførar Tore Johan Øvstebø.



Å få pris er ikkje kvardagskost for friluftsrådet, så då vart det kakefeiring på kontoret! Frå venstre Pål Henry Høyberg, Ann Helen Hellevik og Christer Lundberg Nes.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde



Med midlar frå Miljødirektoratet, fylkeskommunen og friluftsrådet, har Sunnmøre friluftsråd dei to siste åra arbeidd med å hjelpe kommunane til å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområda sine.

Dette er viktig for å samle, og få kartfesta, informasjon om friluftsområda. For kommunane blir dette kartgrunnlaget eit viktig hjelpemiddel i alt arbeid med arealplanar vidare, og i arbeidet med å sikre dei viktigaste områda og ferdselsårene for friluftslivet. Kartlegginga er også nødvendig for å kunne søkje om statleg sikring av viktige friluftslivsområde i framtida.

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100% av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50% dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv

etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegera heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet søkjer kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bålplassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett osv. Føresetnaden er at kommunane i samråd med friluftsrådet lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Drift, skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv

I 2019 har friluftsrådet hatt heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak dei fleste av dei 13 medlemskommunane. Unntaka er dei nyaste medlemskommunane Volda, Ørsta og Ulstein.

Arbeidet har i hovudsak vore drift og skjøtsel i 2019, fordi berre tre av søknadane til fylkeskommunen om midlar til nye tilretteleggingstiltak vart innvilga. Friluftsrådet fekk midlar til badebøyer utanfor Emblemssanden i Ålesund, restaurering og oppgradering av reiskapshuset/toalettet i Bolvika i Sula og gapahuk i Helsemrika i Stranda. Desse tiltaka er ferdige, med unntak av gapahuken i Stranda. Grunnarbeidet er starta og materialane innkjøpte, men arbeidet stoppa opp fordi det oppstod tvil i kommunen om alle nødvendige løyve var på plass.



Eit nytt målingsstrøk gjer stor skilnad – og er ein fin sommarjobb.

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjon av flytebrygger og andre installasjonar vi har ansvaret for.

Nokre stader, som på Blimsanden i Giske, Gjersetdalen i Haram, Kråkvika i Vestnes og Norddalsbygda i Norddal, får vi hjelp til tilsyn og vask av toaletta. Velforeiningar og andre bidreg også med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som flytebrygger, bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde.

Kontor, verkstad, lager og utstyr

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi no seks kontor med diverse fellesareal, og om lag 320 m² lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Vi disponerer tre arbeidsbilar, fire båtar, ein beitepussar, fleire bilhengingar og anna nødvendig utstyr og reiskapar.

I utstyrsbasen for utlån har vi mellom anna tre kajakkhengingar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer, discgolf mm.

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og verkstader.



Stell av utstyrsbasen tek mykje tid. Her var vestane mygla då dei vart leverte tilbake, fordi dei ikkje var tørka før dei vart pakka i hengaren. Løysing vart grønsåpevask.



Lageret kan brukast til så mangt, som til dømes å overraske resten av personalet med nysteikte vaflar i lunsjen!

Frå venstre Christer Lundberg Nes, Pål Høyberg og Torgeir Sund.

Økonomi og rekneskap

Årsoppgjeret viser ein omsetnad i 2019 på 12,6 millionar kroner og eit resultat på kr. 1,1 mill. (2018: 10,5 mill. i inntekter og overskot på knapt 1,5 mill.) Ein stor del av overskotet er sparte lønnsutgifter til matros i Skjergardstenesta. Tilsetning vart utsett, m.a. på grunn av avslag på dei fleste søknadane om nye tilretteleggingstiltak i sjøbaserte friluftslivsområde. Styret ber årsmøtet godkjenne at vel kr. 500 000 av overskotet i 2019 blir sett av på fond, som bidrag til framtidig finansiering av ny båt til Skjergardstenesta.

Ca. 1,8 mill. er overførte til neste år. Dette gjeld innvilga prosjekt som ikkje er avslutta, og som blir vidareførte i 2020. Nokre døme på det er kartleggingsprosjektet, marin forsøpling og Liljedalsbrua over Spjelkavikelva i Ålesund.

Lønnsutgiftene er vel 1,3 mill. høgre enn i 2018. Då var dei unormalt låge pga. lange sjukmeldingsperiodar og permisjonar blant dei tilsette. Dette var meir normalt i 2019, og med Leikepatruljen som nytt prosjekt i tillegg, har lønnskostnadane auka.

Medlemskontingenten frå kommunane er 18 prosent av inntektene i 2019. Resten er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Miljødirektoratet, Gjensidigestiftelsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Friluftsrådenes Landsforbund og Handelens Miljøfond. Vel kr. 400 000 er inntekter frå m.a. medlemskap i Stikk UT! Bedrift og sal av Stikk UT! effektar i nettbutikken.

INNTEKTSFORDELING

Inntekter	2019	2018
Medlemskontingent	2 313 192	2 255 123
FL adm.tilskot	590 000	560 000
FK adm.tilskot	230 000	218 000
FK tilskot tilretteleggingstiltak	494 500	1 063 500
FK tilskot friluftslivsaktivitetar	465 000	490 000
FL tilskot tilretteleggingstiltak	50 000	50 000
FL tilskot friluftslivsaktivitetar	1 116 950	1 224 600
Gj.sidigestif. Leikepatruljen	1 250 000	0
M-dir marin forsøpling	2 000 000	2 500 000
M-dir/FK kartlegging og verdsetting	409 800	252 256
M-dir. investeringstilskot "Rigmor"	225 128	73 717
M-dir. Driftstilskot Skj.tenesta	1 100 000	800 000
FK driftstilskot Skj.tenesta	400 000	200 000
FNR driftstilskot Skj.tenesta	150 000	150 000
SF driftstilskot Skj.tenesta	500 000	
Handelens Miljøfond, marin forsøpl.	150 000	0
Andre tilskot Skj.t.	250 000	0
Prosjektinnt. Skj.t.	101 400	376 060
ÅST Leigeinntekt lager	30 000	30 000
Salsinntekter nettbutikk mm	418 500	379 759
Andre driftsinntekter	350 934	4 050
	12 595 404	10 627 065

FL= Friluftsrådenes Landsforbund

FK= Møre og Romsdal fylkeskommune

Gj.sidigestif.= Gjensidigestiftelsen

M-dir.= Miljødirektoratet


FNR=Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

ÅST= Ålesund-Sunnmøre Turistforening

KOSTNADSFORDELING


Utgifter	2019	2018
Lønn	5 586 792	4 259 453
Varekostnader	2 527 093	1 217 748
Avskrivningar	319 873	133 647
Andre driftskostnader	3 093 893	3 563 032
	11 527 651	9 173 880

Ordinært resultat inkl. finanskostnader, før skattekostnad	1 103 452	1 471 621
--	-----------	-----------



For kvar krone medlemskommunane betalte i kontingent i 2019, skaffa friluftsrådet 4,44 kroner frå andre kjelder.

Stor takk til medlemskommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Gjensidigestiftelsen, Friluftsrådenes landsforbund og Handelen Miljøfond, som i hovudsak finansierer arbeidet til friluftsrådet.



Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar per 31.12.19

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Haram	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bål plass, grindbygg.
Skodje	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett
	Håhjem	80	Kommunen	Kommunal eige dom – regulert	Tursti , P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bål plass
Sula	Langevågsholmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, bål plassar, toalett. Benkar.
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, garasje, toalett
	Vassetvatnet Bolvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg, toalett Reiskapshus m/toalett
Vestnes	Kråkvikva	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bål plassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Ørskog	Skråvikva og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilt
Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplass, kystleihytte, trapper.
	Vikholmen	90	Kommunen	Kommunalt sikra	Kai, turstiar, toalett
	Hundsvær	80	Kommunen	Kommunalt sikra	Gjestebrygge, skogrydding.
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	Hageanlegg, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bål plass, sandstrand, tuslesti mm.
Stordal	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, toalett
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg under oppføring
		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhellaren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog



Nytt informasjonsskilt ved Osberget i Ørskog kommune.

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnskap om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftsområda blir sendt kvart år, i samråd med kommunane. I 2019 vart berre tre av dei innvilga. Mellom dei var oppgradering av reiskapshuset/toalettet i Bolvika like ved Langevåg sentrum i Sula.



Bolvika er eit attraktivt og mykje brukt friluftslivsområde rett ved sentrum i Langevåg. M.a. er barnehagen ofte på besøk. No har toalettet/reiskapshuset fått ei etterlengta oppgradering.

Eigedelar per 31.12.19

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya
		Ytterland
	Haram	Austnes
		Søvik
	Skodje	Dampskipskaia
		Mauren
	Stordal	Dyrkorn
	Sula	Storholmen
		Storholmen
		Brennholmen
	Ålesund	Svinøya
		Svinøya
		Hundsvær
		Sunnmøre Museum
		Svinøya
		Vikholmen
		Stafsethneset
Bruer	Stordal	Store Ådalselva

	Stordal	Elvabytet
	Ørskog	Fosslibrua (Måslia)
	Ørskog	Postvegen over Tverrelva
	Skodje	Mevatnet
	Vestnes	Kråkvika 3, Leirvågen 1
Toalett	Giske	Blimsanden 2 stk
	Haram	Gurinesbukta
	Haram	Gjersetvatnet
	Sula	Taustua
	Sula	Eikrem
	Sula	Storholmen
	Sula	Vassetvatnet
	Skodje	Murvika
	Skodje	Håjem
	Stordal	Overøye
	Ålesund	2 stk. Svinøya
	Ålesund	Vikholmen
	Ålesund	Parrvika
	Ålesund	2 stk. Tueneset
	Ålesund	Lillevatnet
	Ålesund	Sandingane
	Ålesund	Stafsethneset
	Ålesund	2 stk. Voldsdalsberga
	Ørskog	Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet
	Norddal	Norddalsstranda
	Stordal	1 stk midlertidig
Toalett/reiskapsbu	Skodje	Mauren
	Vestnes	Kråkvika
	Ålesund	Svinøya
Reiskapshus	Sula	Eikrem
Gapahuk/grindbygg	Vestnes, Sula, Skodje, Haram	Kråkvika, Lervågen, Håhjem, Vassetvatnet Gurinesbukta
Bålplass	Vestnes, Ålesund, Sula	Kråkvika (2 stk) Stafsethneset, Svinøya, Storholmen
Informasjonstavler	Sula	Eltrane
	Sula	Sandvika
	Giske	Godøya (3stk)
	Ålesund	Stafsethneset
	Ørskog	Osberget, Skråvika
Bade-/Fiskebryggje	Vestnes, Haram	Kråkvika, Gurinesbukta
Raste- og kvilebenkar	Stranda Ålesund	Flofjellsvegen Fjordstien
Handreiskap og verkty		
Tilhengarar og båthengar		
Beitepussar og slåmaskinar		

Fire arbeidsbåtar med motor		
Div aktivitetsutstyr		
Diverse kontorutstyr		
Utstyrbase med kajakkar, lavvoar, truger mm til utlån.		

Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 14.03.2018)

§1 - MEDLEMMAR

Sunnmøre friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund.

Nye deltakarkommunar skal godkjennast av årsmøtet.

§2 - FORMÅL

Opggåvene til Sunnmøre friluftsråd er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til bruk for ålmenta.
- b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- c) Å betre friluftskulturen.
- d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Å legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- f) Utarbeide planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar for medlemskommunane i friluftslivssaker og ein høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

§3 - ORGANISASJON

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er dei faste organa til Sunnmøre friluftsråd.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta.

§4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til verksemda til Sunnmøre friluftsråd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir enn 2% reell auke i tilskota frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år skal sendast til medlemmane til orientering.

Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av medlemskommunane på førehand.

§5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar medlemskommune kan sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, helst ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Medlemmane i styret har røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar medlemskommune
- Medlemmane i styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovleg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame årsmeldinga til styret
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegget til neste års budsjett
8. Velje:
 - a) Styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune).
Kvar kommune bør stille med ein representant/vararepresentant av kvart kjønn.
 - b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valte styret.
 - c) Revisor.
 - d) Valnemnd på 3 medlemmar og 1 varamedlem.

- e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøtet.

Revisor og medlemmane av valnemnda vert valt for eitt år.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt 8 år samanhengande. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert valt for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av røystene, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

§6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggjast ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§7 - STYRET

Styret er samansett av eitt medlem frå kvar medlemskommune.

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Styret vert leia av leiaren. Nestleiar tek over dersom leiar ikkje kan møte.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Arbeidsoppgåvene til styret er m.a:

1. Å fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie den vanlege drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
3. Å tilsette medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møter og forhandlingar.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmane i friluftsrådet, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

§8 - VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøtet og krev minst 2/3 fleirtal.

§9 - UTMELDING

Eit medlem kan melde seg ut av friluftsrådet etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt medlemskontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde.

§10 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom medlemskommunane, i høve til kontingenten frå kvar enkelt.